

HALLING
BILLETT.no

Driv klinikk
i Uganda

KULTUR SIDE 26-27



Hallingdølen

LEIAR: Det er rett og slett ingen grunn til å vera skeptisk til auka bruk av elektriske køyretøy.

TORS DAG 31. JANUAR 2019 - NR. 13, VEKE 5 - 81. ÅRGANG - HALLINGDOLEN.NO

LAUSSAL: 30 KRONER

Gondol til Totten

■ Varslar gigantutbygging i Hemsedal ■ Bygningsmasse på 150.000 kvadrat

Draumen om ein gondol i Hemsedal kan endeleg bli realitet. Tanken er at den skal gå frå sentrum og heilt opp

på fjelltoppen Totten (1497 moh.), sjølv juvelen i Hemsedal skisenter. Det er den storstilte utbygginga i

Totteskogen som gjer utbygginga mogeleg. Dei samla kostnadene blir i milliardklassen.


NYHEITER SIDE 14-15

LURDAG 9/2

Gamal- dans kveld

TORADERTRIOEN • HALLINGDAL KRAFTLAG
SVEN NYHUS KVARTETT • KNUK HALVARD'S
TORE LØVBERGENS ORKESTER M/ TORE DØRKEN





STORE PLANAR. Slik ser arkitektfirmaet Puls for seg at området Totteskogen vil framstå med dei utbyggingsplanane som no ligg fere. ©SWISS PULS

Planlegg gondol heilt til Totten

Arkitektar har jobba med Totteskogen ■ Kan bygge ut 150.000 kvadratmeter bygningsmasse

Samtidig som det blir lansert store utbyggingsplanar i Totteskogen, ser draumen om ein gondol endeleg ut til å bli verkeleg.

LILLIAN HOLDEN
lhg@hallingdolen.no

– Me trur Hemsedal er moden for eit slikt løft no, seier Sverre Kirkeboen i Totten Utvikling.

Han kan avsløre at planane om ein gondol i bygda endeleg ser ut til å bli realisert. Tanken er at den skal gå frå sentrum og heilt opp på Totten, med ein mellomstasjon ved Fjellheiskafeen.

– Me er i gang med å få fram eit bilete på kostnader i prosjektet, og korleis

den kan driftast, seier Sverre Kirkeboen som er grunneigar.

Vil ha folk til topps

Det har i lang tid vore eit ønske om ein gondol i Hemsedal. Det har eksistert fleire planar, blant anna ein gondol som var tenkt å frakte folk frå sentrum og opp i skisenteret. Ein såkalla «puls-gondol», som skulle ha eit par mellomstasjonar for den kom opp i sjølve anlegget. Desse planane er no lagde på is.

– Når me skulle i gang med å lage ein ny plan, måtte me undersøke om ein slik gondol framleis er aktuell. Det har Skistar sagt at det ikkje er, seier Kirkeboen.

Med den saka ute av verda kunne ein i staden sjå på løysingar for ein gondol heilt til topps.

– Me ser på det som eit heilt konsept, noko å bygge ei opp-

leving rundt. Kanskje ein kafé eller ein restaurant på toppen. Endestasjonen må vere utgangspunkt for aktivitetar, som sykkel, vandring, fiske, zipline. Om sommaren er

det eit kjeppopotensial for ein slik attraksjon i Hemsedal, seier Kirkeboen.

Vil koste

Å gjere Hemsedal meir attraktivt året rundt er noko kommunen og reiselivet har mykje fokus på. Bygda treng meir sommarturistar, og fleire heilårs arbeidsplassar.

– Eg trur eit gondolprosjekt er viktigare for sommaren enn vinteren. Me har utruleg mykje å gå på om sommaren. Det er mange som køyrer forbi og som ikkje har oppdaga at Hemsedal har mykje å by på då også, seier Kirkeboen.

Dagleg leiar Richard Taraldsen i Hemsedal Turisttrafikklag (HTTL) kallar ein gondol for ein «fyrårssattraksjon» og meiner det er uendeleg med idear som kan knytast til eit slikt prosjekt. Men det vil koste, Tarald-



Eit gondolprosjekt er viktigare for sommaren enn vinteren.

SVERRE KIRKEBOEN,
GRUNNEIGAR

sen trur ein fort må inn med hundre millionar.

– Korleis skal de løyse det? – Me er ikkje ferdig med kostnadsbiletet enno, men me trur Hemsedal er moden for eit slikt løft. Med eit samarbeid så skal me få det til, seier Kirkeboen.

Han nemner at det finst investorar som vil vere interessert i eit slikt prosjekt. Buchardt bygger for eksempel allereie hotell i området.

– Han ser også behovet for å kunne ha ski inn-ski ut frå sentrum. Me har ikkje kome så langt enno, men me har god tru på at me skal få til eit samarbeid med andre aktørar. Skistar også, for den del, seier Kirkeboen.

Spennande planar

Då Hallingdolen møtte Kirkeboen og HTTL-sjef Taraldsen tidlegare denne veka,

hadde Kirkeboen med seg skisser og planar for heile Totteskogen. Sidan oktober i fjor har arkitektar jobba med området, i eit parallelloppdrag, for å sjå kva som går an å få til når ein skal knytte sentrum og skisenteret saman. Storsatsinga Fyri er allereie godt i gang, og vil vere eit midtpunkt i den store utbygginga som er planlagt.

Planane er gigantiske. I alt er det svimlende 150.000 kvadratmeter som kan byggast ut. Kongstanken er å ha ein veg, ei «nerve» gjennom heile området som skal gå frå sentrum og opp til skisenteret. Langs denne vil det ligge busetnad av ulik art, og det vil kome skiløyper og turstiar inn til denne hovudvegen.

Det vil vere mogleg å ha eit omtrent bilfritt område i Totteskogen, der «puls-gondolen» ikkje vart noko av, kan

det kome noko anna – eksempelvis forarlaus bussar. Om vinteren vil skiløypene vere knytt til området, og sommaren er det sykkelstigane.

Nederst vil altså starten på gondolen ligge, og frakte folk opp til fjellheiskafeen eller Totten. Sjølve vegen inn til området vil kome i form av ei bru frå sentrum (ved Shell) til Øya camping og vidare til Totteskogen. Nede ved Øya er det tankar om å etablere eit aktivitetsområde, der ein kan ha for eksempel fiskeplass, volleyballbane og skatepark.

– Eg trur at når dette ein gong står ferdig utbygd, så snakkar me ikkje lenger om «sentrum», «Totteskogen» og «Holdebakken». Då er det rett og slett Hemsedal. Då er det alt knytt saman, seier Taraldsen.

Planlegg gondol he

■ Arkitektar har jobba med Totteskogen ■ Kan bygge ut 150.0

Samtidig som det blir lansert store utbyggingsplanar i Totteskogen, ser draumen om ein gondol endeleg ut til å bli verkeleg.

LILLIAN HOLDEN
lh@hallingdolen.no

- Me trur Hemsedal er moden for eit slikt løft no, seier Sverre Kirkebøen i Totten Utvikling.

Han kan avsløre at planane om ein gondol i bygda endeleg ser ut til å bli realisert. Tanken er at den skal gå frå sentrum og heilt opp på Totten, med ein mellomstasjon ved Fjellheiskafeen.

- Me er i gang med å få fram eit bilete på kostnader i prosjektet, og korleis

den kan driftast, seier Sverre Kirkebøen som er grunneigar.

Vil ha folk til topps

Det har i lang tid vore eit ønske om ein gondol i Hemsedal. Det har eksistert fleire planar, blant anna ein gondol som var tenkt å frakte folk frå sentrum og opp i skisenteret. Ein såkalla «pulgondol», som skulle ha eit par mellomstasjonar før den kom opp i sjølve anlegget. Desse planane er no lagde på is.

- Når me skulle i gang med å lage ein ny plan, måtte me undersøke om ein slik gondol framleis er aktuell. Det har Skistar sagt at det ikkje er, seier Kirkebøen.

Med den saka ute av verda kunne ein i staden sjå på løysingar for ein gondol heilt til topps.

- Me ser på det som eit heilt konsept, noko å bygge ei opp-

leving rundt. Kanskje ein kafé eller ein restaurant på toppen. Endestasjonen må vere utgangspunkt for aktivitetar, som sykkel, vandring, fiske, zipline. Om sommaren er



» Eit gondolprosjekt er viktigare for sommaren enn vinteren.

SVERRE KIRKEBØEN,
GRUNNEIGAR

det eit kjempepotensial for ein slik attraksjon i Hemsedal, seier Kirkebøen.

Vil koste

Å gjere Hemsedal meir attraktivt året rundt er noko kommunen og reiselivet har mykje fokus på. Bygda treng meir sommarturistar, og fleire heilårs arbeidsplassar.

- Eg trur eit gondolprosjekt er viktigare for sommaren enn vinteren. Me har utruleg mykje å gå på om sommaren. Det er mange som køyrer forbi og som ikkje har oppdaga at Hemsedal har mykje å by på då også, seier Kirkebøen.

Dagleg leiar Richard Taraldsen i Hemsedal Turisttrafikkdag (HTTL) kallar ein gondol for ein «fjortårnsattraksjon» og meiner det er uendeleg med idear som kan knytast til eit slikt prosjekt. Men det vil koste, Tarald-

ilt til Totten

kvadratmeter bygningsmasse

sen trur ein fort må inn med hundre millionar.

- Korleis skal de løyse det?

- Me er ikkje ferdig med kostnadsbiletet enno, men me trur Hemsedal er moden for eit slikt løft. Med eit samarbeid så skal me få det til, seier Kirkebøen.

Han nemner at det finst investorar som vil vere interessert i eit slikt prosjekt. Buchardt bygger for eksempel allereie hotell i området.

- Han ser også behovet for å kunne ha ski inn-ski ut frå sentrum. Me har ikkje kome så langt enno, men me har god tru på at me skal få til eit samarbeid med andre aktørar. Skistar også, for den del, seier Kirkebøen.

Spennande planar

Då Hallingdølen møtte Kirkebøen og HTTL-sjef Taraldsen tidlegare denne veka,

hadde Kirkebøen med seg skisser og planar for heile Totteskogen. Sidan oktober i fjor har arkitektar jobba med området, i eit parallelløppdrag, for å sjå kva som går an å få til når ein skal knytte sentrum og skisenteret saman. Storsatsinga Fyri er allereie godt i gang, og vil vere eit midtpunkt i den store utbygginga som er planlagt.

Planane er gigantiske. I alt er det svimlande 150.000 kvadratmeter som kan byggast ut. Kongstanken er å ha ein veg, ei «nerve» gjennom heile området som skal gå frå sentrum og opp til skisenteret. Langs denne vil det ligge busetnad av ulik art, og det vil kome skiløyper og turstiar inn til denne hovudvegen. Det vil vere mogleg å ha eit omtrent bilfritt område i Totteskogen, der «pulgondolen» ikkje vart noko av, kan

det kome noko anna - eksempelvis førarlaus bussar. Om vinteren vil skiløypene vere knytt til området, om sommaren er det sykkelstigane.

Nederst vil altså starten på gondolen ligge, og frakte folk opp til fjellheiskafeen eller Totten. Sjølve vegen inn til området vil kome i form av ei bru frå sentrum (ved Shell) til Øya camping og vidare til Totteskogen. Nede ved Øya er det tankar om å etablere eit aktivitetsområde, der ein kan ha for eksempel fiskeplass, volleyballbane og skatepark.

- Eg trur at når dette ein gong står ferdig utbygd, så snakkar me ikkje lenger om «sentrum», «Totteskogen» og «Holdebakken». Då er det rett og slett Hemsedal. Då er alt knytt saman, seier Taraldsen.

